



STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 2

APRIL 2024

135. ÅRG.



HIMMELVENDT SOLNEDGANG

Foto: Bente Juveng Øpstad


Påsketid

Av Ivar Molde

Palmehelg er tida for Vossa Jazz, kvart år med eit stort og variert program. Ein sikkert vakker kyrkje-konsert høyrer med. Ein del år no har gudstenesta Palmesøndag i Vangskyrkja vore ei jazzmesse. Etter nokre kvardagar (i den stille veka?) kjem så helge-dagane på rekkje og rad: Skirtorsdag, Langfredag, Påskedag – og endå ein andredag. Mange er dei som ser fram til sol og skiturar i fjellet, andre lengtar no meir etter vår og varme i låglandet. I alle fall: For dei som vil ha den kristne påskebodskapen med seg, finst det mange sjansar – både i kyrkjerom og i friluft. Og kvar av desse dagane har sin eigen tematikk, sitt eige drama.

Påskesalmar finst det mange av – særleg når det er Påskedag i sikte. Dei står då nærast i kø! Trussterke, jublande, og gjerne med melodiar som står godt til tekstane. Eg veit likevel ikkje om nokon som betre uttrykkjer den kristne sigers-bodskapen enn «Jesus lever, gravi brast». Det er berre to vers, det heile så kort og poengtert. Her er ikkje eit ord for mykje, ikkje eitt for lite! I orda «Kristi strid og blod skal gjelde» er Langfredagen tydeleg inne. Men alt er sett i ljuset frå Påskedag.

Det er Johan Nordahl Brun (1745-1816) som har skrive påskesalmen som her nemnt. Nynorskteksten er ved Bernt Støylen. Brun var trønderen som gjorde bergensar av seg. I mange år var han prest i Korskirken, seinare biskop



i Bjørgvin. I yngre år var han med i Det Norske Selskap i København. Frå den tida er han m.a. kjend for den kraftfulle songen «For Norge, Kiempers Fødeland». Gløymast skal det heller ikkje at det var han som skreiv Bergenssongen, Nystemten! Sant nok: Han hadde eit vidt spenn, i emne og form.

Som prest og biskop i ei liberal tid, merkte han seg ut ved å stå fast ved den gamle bibellæra. I motsetning til mange av dei andre «geistlege», heldt han såleis si hand over den omreisande Hans Nielsen Hauge. Det er kjent at han av den grunn gjekk i rette m.a. med Vossa-prestane som då var. Som ein markant kyrkjemann etterlet Brun seg talar, visitasrapportar – og altså: salmar. Dei fleste og dei beste er skrivne eitt og same året: i 1786.

«Jesus lever, gravi brast!» I si poengterte form uttrykkjer salmen både Jesu kamp og siger. Greitt får han fram at det her er ein siger me òg kan få del i. Såleis når det heiter: «Eg har vunne, Jesus vann»

- og, endå ein gong: «Open har eg himlen funne, Jesus vann, og eg har vunne!»

Eg plar stundom seia: Dette er den kristne måten å syngja «sigeren er vår» på. Sant nok: Mange er dei som gled seg når dei norske vinn, når «me» vinn! Den kristne sigersbodskapen er likevel noko endå langt større, viktigare. Her handlar det om Gud, om livet og det evige. Ja, sett i ljuset frå Påskedagen: om ein «open himmel».

Signa påskehelg – med sol og fjell, men framfor alt: med ei levande von!

(Denne påskeandakten er skriven i 2013 i spalten «Helgetankar» i avisa Hordaland. No etter Ivar Molde sin død er orda like aktuelle. «Merket det stend, um Mannen han stupa», som han skreiv vossingen Per Sivle. Det evige ordet gitt i våre hender, munn og penn. – red.)

*Jesus lever, gravi brast!
Han stod opp med guddoms velde.
Trøysti står som fjellet fast,
Kristi død og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever,
gravi brast, og Jesu lever!*

*Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann
og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!*

Johan Nordahl Brun 1786

Til minnet om Ivar Molde

Knut O. Dale

Tysdag 6. februar døydde Ivar Molde, redaktøren i Stille Stunder.

For Stille Stunder er det eit stort tap, for me skulle hatt han med oss så mykje lengre: som dugande redaktør.

Ivar Molde tok over som redaktør etter Alfred Hamre i 2004. Alfred Hamre vart sjuk og rådde meg til å spørja Ivar om å overta redaktøransvaret for Stille Stunder.

Og Ivar svara ja. Han hadde sete i styret for bladet i mange år, alt frå 1991 og også som styreleiar i fleire år.

Så han kjende til bladet og visste kva redaktørarbeidet gjekk ut på.

I alle dei 20 åra Ivar var redaktør, var eg styreleiar. For meg var det gjevande, ja ei glede å samarbeida med Ivar. Kanskje kunne det ha med det å gjera at me begge hadde lik bakgrunn. Me voks begge opp på - i storleik - ein gjennomsnitts vestlandsgard, han med ein far som var snikkar attåt bondearbeidet, eg med ein far som eigde og kørde laste-

bil, og med mødrer som tok seg av mykje av det praktiske arbeidet på garden. Og begge var me den eldste i syskenflokkar på fire, men ingen av oss overtok garden. Ivar voks opp på Dalsøyra i Gulen medan eg voks opp på Espelandsdalen i Granvin. Både Ivar og meg hadde langt på veg eit førtiårig yrkesliv, han som prest og eg som lærar i den vidaregåande skulen.

Ivar Molde var den rette redaktøren for Stille Stunder. I dei 20 åra han var redaktør auka talet på aktive tingarar frå vel 500 til over 3 000. Og den viktigaste grunnen til denne framgangen var bladet Ivar tok seg av. For utan eit innhaldsrikt blad - eit blad for heimen, skulen og kyrkja - hadde ikkje Stille Stunder fått ein slik framgang og ein slik vekst.

Interessa Ivar hadde for kultur og språk formidla han vidare til lesarane også på det viset at han knytte til seg skriveføre og kunnskapsrike medarbeidarar.

Og så skriv han sjølv og eit grunnmotiv i han skriv, var å få fram den

kristne kulturarven og med det trua sin opphavsmann og fullendar.

Bokmeldingane hans vitna t.d. om ein brei og vid horisont.

Ivar gledde seg over arbeidet med Stille Stunder. Bladet kom ut regelfast seks gonger i året i alle dei 21 åra Ivar var redaktør.

Dei årlege styremøta var høgtidsstunder, både for oss i styret, men og for Ivar. Slik ordla han seg i alle fall.

Arbeidet med Stille Stunder er noko av det mest meiningsfulle eg har vore med på. Eg er takksam for at eg fekk vera styreleiar i dei åra Ivar Molde var redaktør for bladet.

Signe minnet til Ivar Molde.

Til ettertanke:

”

Alle reiser er ein omveg heim

Arne Garborg/Herbjørn Sørebo

STILLE STUNDER



Stille Stunder
kjem ut 6 gonger i året.
Bladet kan tingast hjå
Stille Stunder,
ved Rolf-Atle Rolfsnes,
Bakken 2, 5419 Fitjar.
Tlf.: 915 13 024
E-post: post@stille-stunder.com
Nettside: www.stille-stunder.com
Bladet kostar kr 250,- pr år
Bankgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, leiar
Lærer Borghild Melve, Prest/
statsstip Nils-Aksel Mjøs,
Lektor Torill Markussen Ringheim,
Sokneprest Ådne Skiftun.
Redaktør: Ådne Skiftun (konstituert)
Ramsøyvegen 5, 5747 Gudvangen
Tlf.: 908 72 129
E-post: aadne.skiftun@gmail.com
Forretningsfører: Rolf-Atle Rolfsnes
Utgjevar: Foreininga Stille Stunder
Trykk: Sunnhordland, Stord.

Salmen som fekk sitt eige museum

Av Nils-Petter Enstad

Han vert rekna blant mest kjende salmetekstane i verda og nemnt i same andedrag som «Amazing Grace» og «Å, store Gud». I Reed City i den amerikanske delstaten Michigan har salmen om «det gamle, ærverdige kors» fått sitt eige museum.

Det var under ei djup truskrise at den dåverande frelsesoffiseren George Bennard (1873 – 1958) skreiv først teksten og seinare melodien til «The Old Rugged Cross». Songen vart skriven i 1913. Bennard var på dette tidspunktet 40 år og hadde vore frelsesoffiser sidan han var 24. I denne tenesta opplevde han at mange menneske vart omvendt. I lange periodar var han reisande evangelist og dreiv med nybrottsarbeid på stader der Frelsesarmeen vurderte å starta kyrkjelydar. Korset var alltid eit sentralt tema i forkyninga hans.

Første vers

Hausten 1912 hadde han vore på besøk i byen der han hadde vakse opp, nemleg Albia i Iowa. Her skreiv han det første verset til songen om korset: «On a hill



far away stood an old, rugged cross».

Skildringa av korset, og resten av det første verset, viser at George Bennard ikkje var nokon «kors-romantikar». Det var ikkje det smekre, vellaga korset som prega visjonen hans, men tvert om det grove, knudra korset – ikkje eit smykke, men ein torturreiskap. På denne tida stod han i ein personleg truskamp som handla om nettopp det å bera korset, noko som han der og då kjende han ikkje makta.

Det vart med det eine verset i første omgang. Han følte at han

ikkje klarte å koma vidare med teksten. Han fann han fram ved fleire høve, men kom framleis ikkje vidare.

Truskamp

Våren 1913 var han i Michigan og skulle leia ein møteserie. Framleis sleit han med truskampen sin, men no fann songen si endelege form, og George Bennard sjølv kom ut av truskampen med ein ny freidigheit og glede i tenesta. På denne tida skreiv han også melodien til songen, og han vart brukt i møta hans. I sine memoarar skreiv han om denne

songen: «Det var som om eg fekk ei openberring: Kristus og korset kan ikkje sjåast skilt frå kvarandre».

Den kjende evangelisten Billy Sunday (1862 – 1935) fekk høyra songen og byrja å bruka han i møta sine. Dette gjorde at songen om korset raskt vart kjend, sunge og elska i mange kristne miljø.

Norske versjonar

Det finst to norske omsetjingar av «The old rugged cross». Den mest kjende er gjort av den norskamerikanske teologen Carl Hanson i 1920. Han var knytt til Fjellhaug skule i Oslo frå 1919 og i ti år framover. Då kom han frå USA og hadde truleg vorte kjent med songen der. Teksten hans er meir ei gjendikting enn ei omsetjing, og det på mange måtar brutale i teksten til Bennard, er heilt borte i Hansons.

Der Bennard skreiv om det grove, vêrslitne korset, skreiv Hanson om «et underbart syn».

Då songboka til pinserørsla «Maran Ata» kom ut, hadde T. B. Barratt laga ei anna omsetjing av Bennard sin tekst, som er meir i pakt med den opphavlege versjonen. Men det er teksten til Hanson som stort sett vert sunge i norske kyrkjelydar og bedehus.

Metodistprest

Rundt 1915 trekte George Bennard seg frå tenesta som frelse-soffiser og vart i staden ordinert som metodistprest. Òg som metodistprest reiste han mykje som evangelist, og han skreiv etter kvart mange songar – meir enn 300, vert det hevda. Forutan songen om korset, er teksten hans «Hør hvor høstens herre ømt deg kaller» omsett til norsk, og står i Sangboken, som vert brukt av dei lutherske lekmanns-organisasjonane.

George Bennard skreiv melodi til fleire av songane sine. Han var svært musikalsk, men lærte seg aldri å spela piano. Gitaren var

og vart instrumentet hans, slik det har vore for mange med bakgrunn i Frelsesarmeen.

Då han vart enkemann i 1944, gifta han seg med Hannah Dahlstrom, som var den faste pianisten hans i møta. Dei slo seg ned i byen Ashton i Michigan. Seinare flytta dei til Reed City i den same staten, og her døydde George Bennard under eit astmaanfall i 1958. Då var han 85 år gamal. I gravferda vart tonane til «The old rugged cross» brukt som preludium. I Reed City finst det også eit historisk museum der salmen om korset og han som skreiv han er tema, og det vert besøkt av tusenvis av menneske kvart år.

Salmen som kom ut av frelsoffiseren si truskrise, er sunge inn av ei lang rekke artistar, ikkje minst innan country-gospel-sjangeren. Elvis Presley, Jim Reeves, Patsy Cline, Johnny Cash og Willie Nelson er berre nokre av desse. Også på norsk finn ein fleire innspelningar.



Dei fleste av oss er Ikkje demente!

Av Årstein Skiftun

Det er mykje fokus på demens for tida. Det gjeld både sviaktande tenester innan eldreomsorga, glede over demenskoret i NRK og i politisk konspirasjonsutspel t.d. knytt til president Biden. Stakkars Biden skal ikkje snuble i mange ord, før det vert ropt «demens», «demens».

Det er strålende at demensomsorga kjem fram i offentleg lys. Det er på tide. Her er mykje gjort. På den andre sida må vi passe oss for å ikkje falle ned i grøfta på hi sida. At angst for demens og devaluering ut frå angst for demens tar overhand.

Biden er nemleg ikkje det minste dement. Han er rett nok litt prega av det alle av oss som er blitt opp i åra kjenner på: Vi leitar etter ord og namn på kjenningar og vi hugsar ikkje kvar vi la frå oss brillene eller bilnøklane osv. Dette har hos dei aller fleste av oss ingen ting med demens å gjere. Dette er den vanlege minnesvekkinga, som dei fleste av oss kjenner på.

Sjølv har eg i mange år arbeidd som nevropsykolog og har diagnostisert mange med demens og andre kognitive vanskar og også vore med på å normere ein omfattande minnetest til norske tilhøve (WMS-III). Testane viser at det er normalt at evna til å henta fram gamal kunnskap – namn m.v. – blir svekka med åra. Men

kunnskapen blir ikkje borte. Får vi eit lite hint, så er den der. Evna til å hugse ny informasjon blir også noko nedsett, men den blir ikkje borte. Vi brukar også gjerne litt meir tid. Men evnetestar viser at tankeevna oftast er uendra.

Demens dreier seg om alvorleg svekking av minne- og tankefunksjonar og ofte tap av minner frå fortida. Dette er tilstandar som kan diagnostiserast. Statistisk reknar vi med at 15 prosent av oss mellom 75-90 år har ei demens-liding. Vi er med andre ord 85 prosent som ikkje har demens!!

Det er ikkje utan grunn at dei eldre blir dyrka som dei vise i mange kulturar. I vårt land måtte dei fram til den sjuande faren i hornet på veggen, for å få det visaste svaret. Eg er ikkje så viss på at han minnest namnet på den første faren i huset. Men alle var samde om at han var visast!

La oss derfor ikkje tyngjast for mykje av demens-frykta. Like lite som alle vondtar er uttrykk for kreft, like lite er alle minne-vanskar uttrykk for demens.

.....
Årstein Skiftun er son av sokneprest Gudmund Skiftun, som var redaktør av Stille Stunder åra 1965-1981. -red.

Fakta om demens

Alle demensformer inneber uttalt svekking av minne- og evnefunksjonar over tid, men dei har ulike forløpsprofilar. Nokre stikkord:


Alzheimers demens. Breispektra svekking – først spesifikke minne-funksjonar, etter kvart også kjenslemessige funksjonar. 60 prosent av demenstilfella er Alzheimer.

Lewi-legeme demens. Denne demensforma er prega av breispektra hallusinasjonar. Ein opplever t.d. å vere på andre stader enn der ein fysisk er. 10 prosent av demenstilfella er av denne typen.

Frontallapsdemens. Denne demensforma er prega av åtferdsendringar i tidleg fase. Det kan vere ukritisk åtferd, men også apati. 5-10 prosent av dei med demens, har denne typen.

Vaskulær demens. Eit samleomgrep for uttalte kognitive endringar som følge av sjukdom/skade i blodårssystemet (forkalking, blødning m.v.). Ikkje alltid med progressiv utvikling. 20 prosent av demenstilfella fell inn under denne kategorien

Andre. Fleire typer sjukdomar og stoff/alkoholmisbruk kan føre til demens. Prosentvis er dette få

JAPANSK BY	AVTALEN	↙	MÅTEN							Saks-X St.St.	GRØN-SAK	MIDDAG	EROBRE FØRST (BOKMAL)	↓				
↳				VARIGHET										BØNEORD				
FUKTIG NEKTING														SLIK FRUKTA				
↳														↳				
OTTEFULL FRENDAR														↳				
↳									SETTE I VATER			∅	FORNYING					
PREP. LEDD		↓		PIRKETE PERSON 10 DL.	FOR-SVARE	POLIT. PARTI KØYRE-TØY	NORSK BY	HAVBUKT	↳	LUKKE-LEG FYLKE	FORTELJING							
↳			↙							←			NR. 5 FORFINA					
SVOVEL	RIKSVÆG			GOD-BITEN														
KALIUM VAKKER MORGON	↓			AKTIVITET LAND				STRÅVINSKIJ		HØG-TIDLEG DIKT	VELFERD							
↳									DIKT	↓			VER TILL					
AMBOLT							BY	ADELS-MANNEN			GÅ NED (GJELD SOLA)	→						
HELGEN PLEIE	→		↳		SLAGSTAD	X OG -	INSTRUMENT			SKUBBE			SØR YTTRIM					
↳						URO ANSIKTET		LITE KRYP	KRYPE		BRUKE NÅL OG TRÅD							
MARKA UKJEND			N. MÅLAR		AGN			LANG-SPEL-PLATE 50			VERT	IGJEN	↑	OPERA-SONGEN				
↳		↓			SIKLE LÅGE					PREPOSITION	FRUKT			↓				
FORTALDE HISTORIE	GUTE-NAMN TILTAK				FISKEN				FREMST I KYRKJA					VRENGE				
↳					SLÅ -- PA ASTAT		WISE SEG	FRUKOST TO LIKE		SLANGE			KRANGEL					
↳		↳	BUSTAD				↓		→				↑	PRESENS				
FLATEMAL KLOSSETE								STEIL			MÅNAD							

Minneord

Ivar Molde (1949–2024)

Svein Gjerdåker

Ivar Molde døydde 6. februar. Han var redaktør av det kristne nynorske bladet Stille Stunder i 21 år, fram til i dag.

Ivar Molde voks opp på Dalsøyra i Gulen i Sogn, sør for inngangen til Sognefjorden. Eit område kjent for mange gardshus med vegger og vernemurar av gråstein til ly for nordavinden. Eit av dei best bevarte og finaste tuna med slike steinmura hus i Gulen er garden Molde, der Ivar voks opp.

Garden, som hadde fem kyr, nokre sauer, to griser og ein hest då Ivar Molde var liten, ligg i eit fallande landskap ned mot Eidsfjorden, med fritt og godt utsyn. Faren var bonde og snikkar. Mora bondekone og husmor. Ivar Molde likte gardsarbeidet. Han var odelsgut, hadde namnet til bestefaren og kjende at plikta til å overta garden tyngde. Men i tida på Sogndal gymnas vart det klart for han at han skulle verta prest.

Det hadde vore ei vekking i heimbygda i 1945, med bøn og sjelesorg på bedehuset i fleire veker og både mora og faren vart gripne og omvende. Ivar Molde voks såleis opp i ein heim der begge foreldra var aktivt med i



Indremisjonen og Misjonssambandet, og han gjekk fast i bedehuset med faren som leiar av sundagsskulen. Både mora og faren fekk Kongens forteneestemedalje i sylv for innsatsen.

Noregs minste stavkyrkje

Ivar Molde studerte ved Menig-

hetsfakultetet i Oslo og vart sokneprest i Aurland i 1978. Eit prestesokn med fire kyrkjer i eit særprega landskap med bygder langs strendene i to fjordarmar utan vegsamband på den tida og fire dalføre opp frå fjorden til høgjellet. For å koma til Undredal kyrkje, med 40 sitjeplassar,

Noregs minste stavkyrkje som enno er i aktiv bruk, måtte han leiga eigen skyssbåt i all slags vær. Mellom fjella kunne vinden ta godt tak i båten. Bakka kyrkje ligg òg særmerkt til ved Nærøyfjorden ut frå Gudvangen rett under Bakkanosi med sitt sugande og storslåtte utsyn.

Seinare vart Ivar Molde stiftskapellan i Bergen under biskop Per Lønning, før han av kongen i statsråd i 1989 vart tilsett som residerande kapellan på Voss, seinare sokneprest i bygda med då åtte kyrkjer, bedehus og kapell. Den eldste, Vangskyrkja, er frå 1277, med eit ombygd altarskåp frå middelalderen som altartavle og bilete av krossfestinga etter ein kopi av Rubens. Frå den særprega døypefonten, halden oppe av ein kvitmåla dåpsengel som vert senka ned frå taket, har Ivar Molde døypt hundrevis av born.

Stod for ei tradisjonell line

I 1970-åra var Molde nestformann i Kristeleg Folkepartis Ungdom under Kjell Magne Bondevik og formann etter han. Han var òg politisk sekretær for Johan Skipnes i Korvald-regjeringa. Fiskarbondesonen Skipnes hadde vore formann i Indremisjonens Ungdomsforening og kjende Ivar Molde godt. Men Molde gav seg raskt i politikken til fordel for prestegjeringa. Han vart gift med Kari frå Oslo og fekk borna Ann-Kristin, Else-Berit og Hanne Marie.

Som prest stod han for ei

tradisjonell line i ei brytingstid for kyrkja. Bibelsynet hans gjorde at han reserverte seg mot å via homofile, men han gjorde lite nummer av det. Han var klok og forstandig, hadde respekt for andre sitt syn, og den venlege og omtenksame veremåte hans gjorde at homofile likevel må ha kjent seg velkomne i kyrkja.

Redaktør-presten

Molde var redaktør av Stille Stunder frå 2003 til i dag. Bladet vart skipa i 1889 og er det nest eldste nynorske bladet som framleis kjem ut, etter Norsk Barneblad. Stiftar av bladet, presten Johannes Barstad i Volda, ivra for å halda landsmålungdomen borte frå tvilsame radikale blad og aviser.

Bladet er i dag eit kriste kulturbld med mange omtalar av salmar og songar, ikkje uventa, sidan Ivar Molde har vore

aktiv i kyrkjesonglaget Bjørgvin. Dessutan har Stille Stunder frå oppstarten alltid prenta mange ny salmar. Både Blix, Hovden og redaktøren Barstad hadde fleire salmar på trykk, mange av dei også fyrstegongspubliseringar.

Under Ivar Molde som redaktør er opplaget dobla, og bladet har i dag over 3000 tingarar. Når eg møtte han ved ulike høve, ofte på Voss bokhandel, mora vi over at Stille Stunder med tid og stunder ville gå forbi Dag og Tid i opplag.

Årets vossing

Då Ivar Molde slutta som prest i 2016, vart han kåra til årets vossing i lokalavisa. Det var vel fortent. Han var godt likt og skapte høgtid i kvar forsamling med si trygge og verdige framferd. Han var ein som mange ville ha som prest både i dåp og i gravferd. Han gravla over 1500 menneske i si prestegjering.

*Gud, gi meg den sinnsro eg treng
for å godta dei ting eg ikkje kan forandra,
mot til å forandra det som lét seg forandra
og visdom til å forstå skildnaden.*

*Lær meg å stola på at du vil venda alle ting til det gode
dersom eg overgir meg til din vilje,
slik at eg kan ha det rimeleg godt i denne verda
og vera lukkeleg saman med deg i den komande.*

Reinhold Niebuhr

«Det ble lys»

Harald Myklebust

I Norsk Salmebok 2013 kjem vi i kontakt med 2 «nye» i vår klassiske song- & salmeproduksjon, med tekst og tone: Komponisten **Eilert TØSSE** (f 1954), med 9 nummer og lyrikaren **Kristin REITAN** (f 1953), - med eitt nr. Dette 2 har saman gitt ut 119 korsalmar for SATB m/diskantar i «*Det ble lys*» på Cantando Musikforlag, ei rikholdig samling av sentrale evangeliske tekster og tonar av ulik karakter.

Her vil eg gjerne halde desse opp og fram, ved å sjå litt på noko av det dei her har skapt i ord og tonar, i ly av levd liv i kyrkje, forsamling og samfunn. Meininga er ikkje å gi ei klassisk anmelding, men prøve å streke under nokre kva-litetar som dei baa syner.

Mitt første møte med salmen «*Kvite klede, himmelglede*» var i salmebokutkastet i 2008, som ein ny dåpssalme. Eg fann stor glede i å ha den i menighetskoret i Salhus, - då den har eit kor-vokalt grunnpreg, meditativ inn mot ei sterk og berande tekst. Apropos dåpssalmar så er dei 2 hine salmane av Eilert Tøsse (ET) mellom desse. Her synest eg at ET har funne ein melodisk nerve som får tekstene til å «smyge» inn i sjel og sinn, - som i Haldis Reigstads «*Du lyser din fred over*

barnet» (331), for ikkje å snakke om nr. 592: «*For våre augo faldar*» (Elisabeth Moldestad). Dette forfattaren er også nykomarar i vår Norsk Salmebok. Melodiane er gitt i klassisk tonedrakt med enkel harmonikk. 4 av salmene til ET er plassert mellom «Bibelske salmar og liturgiske ledd».

Men den mest utfordrande melodien som ET har gitt oss, får vi i langfredags-salmen til Arnold Eidslott (AE): Den resitativiske «*Å løft ham sakte... ned*» (176). AE reflekterer djupt i langfredagsdramaet, utan klassisk rytme og og rim, men i sterke uttrykksfulle setningar.

Tilbake til denne komponisten, fødd i Bergen, med ein rik musikkbakgrunn og utdanning (Bergen Musikonservatorium), inspirert av komponistane Hovland og Nystedt, seinare Kverno og Gulliksen, for ikkje å snakke om Oliver Messiaen. Har vore kantor i ulike kyrkje, sist i Samnanger kyrkje. Som komponist har han omlag 250 melodiar bak seg, gjevne ut einskildvis, men dei fleste i - som her - samla i samarbeid med ein forfattar: Kristin Reitan.

Drivkraft og inspirasjon finn Eilert Tøsse i salmestrofa: «*Av Guds nåde, - til Guds ære.*»

Forkynningsaspektet står sentralt, og er ein god grunn for det samarbeidet han etter kvart fekk med Kristin Reitan (KR).

Kristin Reitan er utdanna lærar, og kjem frå ein song- og musikkglad mi-sjonsheim i bygda Grøa (Sunndal) på Nord-Møre, og med røter i eit rikt ungdoms- song- & musikkarbeid i Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Ho fekk med seg poetiske og musiske impulsar frå 2 år ved Fjellhaug bibel- og misjons-skole, Oslo - og reiste nokre år som misjonær i Peru.

«Inspirasjonskilden min er først og fremst Bibelen. Og så er jeg avhengig av at Gud leder med, at det er han som vil i gi oss noe», seier KR. På Lia Gård (Koppang) under ei salmeverkstadveke i regi av Norsk hymnologisk foreining, møtte ho fleire komponistar, m.a. Eilert Tøsse som ho i ettertid fekk nærare samarbeid. Og her i «*Det ble lys*» - 119 korsalmar for blandakor med diskant, møter vi sentrale evangeliske tekstar i tonar og harmonisk språkdrakt på ulike sjangre, frå klassisk og lett songbare med enkel harmonikk til meir modal (kyrkjetonal) karakter, - med tette klanger, der diskanten fargelegg det heile.

I vanskar med å finn dei beste, vil eg her trekke fram «*Ei levande von*», som her i ei poetisk drakt som ikkje minst melodien løfter opp og fram, lett å synge som den er, verkar den sekvenserande oppgangen som forsterking av teks-ten, - som i 3. verset: «*Ei gåve han gjev, til meg i sitt strev, Han sona for alt, og seier: **Betalt!***»

Vidare vil eg nemne 2 andre: «Eg såg ein mann» der KR utrykkjer det som skjer mellom Jesus og den syndefulle kvinne: «*Han står ved oss som er fordømt av alle, og viser nåden sin i kjøt og blod*». ET sin enkle, vare melodi er meditativ og god å synge. «*La læren din risle som regnet*»: Med ein vakker melodi, med ein klår

diskant, vert orda så levande og nære, som her i 4. verset:

«*La læren forvandle vårt mørke og bli som et vårregn i tørke, så Jesus kan vise at han ved son død kan omskape ondskap og død.*»

Kristin Reitan har det lyriske taket både på nynorsk og bokmål, og er tyde-leg på det evangeliske innhaldet, det Kristus-nære, - inn til den einskilde, - i Guds hus og i kvardagen.

Eilert Tøsse har i mange av salmane songens karakter. Dei er lette å synge og har ein enkel harmonikk. Ein kan spørje om han ikkje like gjerne kunne akkordsette dei, så gode songarar, til solo som duett, med gitar, for

**I Gud
Lever eg
Pustar eg
Er eg**

ikkje å snakke om musikklag/kor, kunne nytte seg av «*Det ble lys*». For skal songane/salmane kome ut, må dei gjerast tilgjengelege.

Desse to representerer nye som vil levandegjere evangeliet i våre kyrkje og forsamlingar, og det i både enkle og utfordrande musikkuttrykk.

Tekst til framsidebiletet

Eg sender her eit foto med tanke på forsida til det komande bladnr. no ved påsketider.

Det er eit motiv eg oppdaga på heimveg gjennom Eike-landsosen

kl. 17:35 på ettermiddagen for 8 år sidan i dag.

Eg har kalla motivet "Himmelvendt solnedgang".

Dette motivet har betydd mykje for meg, for det minner meg så talande om Herren Jesus Kristus, som den krossfeste OG OPPSTADNE Frelsar og Herre, og at han står og velsignar menneske i Gud Fars nåde, når velsigninga blir lyst over dei i Herrens namn:

"Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!"

4 Mos 6,24-26

Motivet minner meg også om at Jesus

er Vegen for alle menneske til barneår og evig glede hos vår himmelske Far:

"Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet.

Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg. ...»"

Joh 14,6.

Bibelsitata er henta frå Nyn Bibel 1978/85.

Ønskjer dykk alle Guds fred i Jesus Kristus, no og alltid!

Venleg helsing

Bente Juveng Øpstad, Fusa

Eit utsyn over Stille Stunder

Avisa Hordaland i samtale med Ivar Molde sommaren 2014

Heilt i det stille og utan medie-oppslag av noko vis, i ei tid der aviser og magasin av alle slag ser eldraude tal i kvitauga kvar einaste dag, har det skjedd eit stykke nynorsk presseunder. Det vesle landsdekkande magasinet Stille Stunder har sidan 2004 gått frå eit opplag på under 800 til no å vipa over streken for 2600. Og redaktør i alle desse åra har vore sokneprest på Voss, Ivar Molde.

-Det er ikkje mi forteneaste åleine! protesterer den sindige karen frå kystkommunen Gulen, mellom Fensfjorden og Sognefjorden.

Men med meir enn ei tredobling av opplagstala på 10 år, kan han ikkje snakka seg vekk frå at han må ha gjort det meste rett.

Nest eldst.

Det var presten Johannes Barstad som starta Stille Stunder i Volda i 1889, for 125 år sidan.

-Me er det nest eldste framleis eksisterande nynorskorganet i landet, to år yngre enn Norsk Barneblad og fem år eldre enn Syn og Segn. Og då har eg ikkje gløymt Hordaland! Det er berre det at medan Stille Stunder har kome på nynorsk heilt sidan starten, kom Hordaland på riksmål dei første åra, seier Molde.

Barstad, som var prest på Sunnmøre då han starta Stille Stunder, var redaktør for bladet i rundt 40 år. I 1920-åra var han sokneprest på Voss.

-På den måten går eg dobbelt opp i fotefara hans, som sokneprest på Voss og redaktør.

Radikalt.

Det er ikkje tilfeldig at Stille Stunder oppstod i Møre og Romsdal – i Aasen-land.

-Stille Stunder var på mange vis i



Ivar Molde i takk for livet og teneste på trygt fundament. Foto: Hanne Marie Molde

opposisjon til andre blad som gjerne vart sett på som svært fritenkjande. Nynorsk vart på den tida oppfatta som radikalt og opprørsk, og det var langt frå stovereint å bruka nynorsk i noko som hadde med kyrkja og kristendomen å gjera. I artikkelen «Då landsmålet vart kristna», som høgskulemannen Jon Tvinnereim skreiv i Stille Stunder i august 2013, siterer han kristne som meinte det var «svivyrdsleg aa nemna dei heilage Ting paa sodant Kvardagsmaal». Han meiner Stille Stunder var med på å «kristna nynorsken».

I 1890-åra fekk nynorsken sitt store gjennombrøt i breie lag av det kristne Noreg.

-Ikkje minst takka vere dei store diktarane som Elias Blix og Anders Hovden og framstående prestar og predikantar som Mathias Orheim, Bernt Støylen, Peter Hognestad og Ludvig Hope, meiner Molde.

Mange av dei store nynorske salmane stod for fyrste gong på trykk i Stille Stunder.

Motstraums.

Også i nyare tid har Stille Stunder levd sitt liv som eit motstraums stykke norsk pressehistorie. Opp gjennom åra vart bladet drive av ulike studentmållag og lag for nynorskbrukarar i byane. I dag er bladet heilt frittstående, registrert i Brønnøysund som ei forening, med eit styre, ein forretningsfører og ein redaktør.

-Me reknar oss som tilhøyrande målrørsla, om enn ikkje organisatorisk, seier redaktør Molde.

Då han overtok redaktøransvaret i 2004, hadde bladet eit opplag på under 800 – og stadig minkande. Det var så pass at styret vurderte å leggja det ned. Men sidan har det berre gått ein veg.

-Me har eit godt styre, med gransaren Knut O. Dale – rektor i Odda, som leiar, og ein flink forretningsfører. Redaktøren står heilt fritt i sine vurderingar, slik redaktørar skal, seier Molde. Han har lagt vekt på å knyta til seg ein god gjeng med dyktige skribentar som leverer artiklar frå ulike stoffområde med meir eller mindre jamne mellomrom.

Femner vidt.

Sjølv om Stille Stunder har vorte karakterisert som «eit religiøst målblad»,

og sjølv om dei framleis nyttar det gamle manifest «For heimen og skulen og kyrkja» som del av logoen, femner bladet vidt.

-Det er forbløffande å sjå kor stor spreining det er i abonnentane, som elles kjem frå heile landet.

Så forbløffande er det kanskje ikkje når kvart einaste av dei seks årlege nummera inneheld allment interessante artiklar som «Det første Prøysen-diktet», «Frå Santa Nicholas til Santa Claus», om Vangsgutane i bokform, om Camilla Collett sitt 200-års jubileum, nye dikt av kjende lyrikarar og meir til. Det seier seg sjølv at med eit slikt stofftilfang fengjer Stille Stunder i langt breiare krinsar enn om det hadde vore reint forkynnande i form og innhald.

Enkelt konsept.

Det enkle er på mange måtar Molde sin kongstanke.

-Me kjem ut seks gonger i året,

med 12 sider kvar gong. Me har fargar på framsida, elles er det svart-kvitt. Ein typisk Stille Stunder-artikkel har ei enkel form, er skriven på god nynorsk, ikkje for lang, er ofte historisk, biografisk og forteljande, og den skal vera av interesse for dei fleste.

Dette konseptet ser ut til å vera ein suksessformel. Stadig nye lesarar oppdagar eit blad dei ikkje visste om, eller som dei trudde døydde ut på oldemor si tid.

Det siste er langt frå sanninga, og berre dei siste dagane har Ivar Molde fått fleire nye abonnentar.

*Nils Kvamsdal,
journalist i avisa Hordaland*

(Stille Stunder takkar for løyve til å trykke inter-juet frå 2014, og kan no leggje til at tingartalet no i 2024 er kring 3400.)

Målsetjing for Stille Stunder

«Det har vore ei glede å kunna knyta til seg gode skribentar. Å gje lesarane våre eit variert lesestoff til næring for tru og tanke, det er eit mål eg har prøvd å strekkja meg etter. Stridsspørsmåla, dei styrer me stort sett utanom. Debattane lyt takast i andre organ. Me vil slik sett vera eit blad som kan opplevast samlande, og med noko for mange. No som før: som eit målblad på kristen grunn. Mykje av det me gjev ut, kan gjerne kallast sakprosa. Likevel, og i god tradisjon: salmar og dikt, i mange høve nyskrive eller iallfall ikkje før publisert.»

Ivar Molde i hans blad nummer hundre i 2020.



På notatblokka

Nytt om redaktøransvaret i Stille Stunder

Hanne Marie Molde og mannen hennar, Trond Ivar Bækken, vert nye redaktørar i Stille Stunder. Dei er begge journalistar og har utdanning innan språk og kultur. Hanne Marie Molde er dotter til Ivar Molde. Frå og med juninummeret overtek dei ansvaret for bladutgjevinga. Har de spørsmål eller ynskjer å skrive i bladet? Kontakt hannemariemolde@hotmail.com.

Styret for Stille Stunder

Kryssordløysing frå sist

Båten er liten og havet stort, kan seglasen likevel vera trygg.

Prisen

for abonnementet er no kr. 250,- og som alltid med høve til å gje ein gåvesum i tillegg.

Brev med giroar

for betaling av bladet vil etter planen koma kring 1. juni. Dei som vil betala før den tid, står fritt til å gjera det, til konto nr. 7877.05.64653 eller Vipps nr. 603498.

Gåvelister

Det er no ikkje lenger opplyst om

pengesum. Me held likevel fram med gåvelister, for det knyter oss saman som familie omkring bladet. Gåvene er framleis viktige for økonomien, blant anna til å nå ut til å få nye tingarar.

Neste nummer

skal etter planen koma ut i veke 22 (27. mai – 02. juni). Stoff må vera redaksjonen i hende til 6. mai.

Adresse for innsending av stoff
hannemariemolde@hotmail.com


Stille Stunder ynskjer alle lesarane ei god og velsigna påskehelg!

Gåver til Stille Stunder 2023 (del 2)

Jonsson Åse Ch.	Kleppe	Kvisli Olav Magne	Vegårshei	Lunde Kari	Stavanger	Myklebust Jorunn	Ålesund
Jordal Siri	Hjeltestad	Kvistad Hildegunn	Florø	Lundervold Herbert B.	Tananger	Myklebust Ole Anton	Uskedalen
Jordell Inger	Eiksmarka	Kvistad Per Helge	Oslo	Lundestad Kjellaug	Ulset	Myklebust Svenn Terje	Stranda
Josdal Gerd S.	Kvinesdal	Kvitastein Sigrun	Ålvik	Lundestad Mari Grønset	Øystese	Myklebusthaug Valborg	Kvinesdal
Jynge Grete	Hamar	Kvåle Helene Ørnes	Voss	Lundø Olav Magnus	Hauge i Dalane	Myrmel Aslaug	Nyborg
Jørgensen Torfinn	Voss	Kyte Olav	Voss	Lundøy Margit	Morvik	Myrset Jorid	Ølen
Jøsedal Egil	Kviteseid	Kårevik Oddmund	Oslo	Lykstad Odd	Hareid	Myskja Bjørn K.	Trondheim
Kaland Bjørn	Os	Kårevik Åsta	Stord	Lyngset Torleif	Norheimsund	Mæland Anne Merethe	Stavanger
Kaldhol Anne Elisabeth	Oslo	Kårstad Edith Ruth	Utvik	Lyseng Grethe	Holmestrand	Mæland Kari	Tananger
Kalland Bjørn og Jostein	Naustdal	Lalla Robert	Oslo	Lyså Lena Myreng	Kvaløya	Mæland Lars	Stord
Kallestad Inge	Stavanger	Lande John Helge	Dokka	Lærum Goro-Adele	Mjølkeråen	Mæland Sesilia	Bremnes
Kallestad Nils Kåre	Skogsvåg	Landsvik Odd	Fyllingsdalen	Løge Inger Kristine	Vigrestad	Mørkve Bergrid	Voss
Kalvatn Harald P.	Austefjorden	Langehaug Olly H.	Voss	Løkslid Gunvor	Hjartdal	Namtvedt Olav Steinar	Sletta
Karsrud Eivind	Oslo	Langeland Alfred	Straume	Lønning Signe F.	Aksdal	Nastad Gudni Haugen	Moss
Kateraas Aslak	Åmli	Langeland Oddny	Forde	Løvik Astrid	Oslo	Navarsete Astrid R. Lystrup	Løvenstad
Kero Arild W.	Varangerbotn	Langvik Tordis	Mandal	Løvaas Kåre	Sandnes	Nedreli Brita	Breistein
Kibsgaard Anne Lise	Korgen	Lannerholm Eli	Ørsta	Mahlum Astrid	Støren	Nepstad Mariann Grindheim	Isdalstø
Kildal Ellen	Asker	Larsen Ann Karin	Fjell	Malerød Mariann	Kvelde	Nesbakken Margunn Søyland	Aurdal
Kile Bjarne	Folkestad	Larsen Karen Marie og Einar	Laksevåg	Mangersnes Kåre	Voss	Nesheim Reidar	Stavanger
Kile Eldbjørg	Asker	Larsen Mary T.	Flisa	Martinsen Solveig	Bryne	Nesheim Turid	Oslo
Kilen Reidun Torsheim	Grimstad	Larsen Olava	Sveio	Maroy Magnhild	Laksevåg	Ness Atle Lyngstad	Dale i Sunnfjord
Kind Bjarne	Spydeberg	Larsen Per Audun	Bryne	Mathiassen Kåre	Rubbestadneset	Nestås Oddvar	Voss
Kinden Per	Sogndal	Larson Annbjørg G.	Bjerkreim	Mattingsdal Anne Brit	Varhaug	Netland Anne Marie	Avaldsnes
Kindingstad Dina Berit	Oslo	Larsen Johanna Bu	Stavanger	Meen Eivind	Lampeland	Nielsen Ingebjørg Veum	Voss
Kinne Norunn	Voss	Laugaland Liv og Børge	Hjelmeland	Meistad Martha Sand	Flekkefjord	Nielsen Kari	Kongsvinger
Kittelsen Dag Morten	Rjukan	Laupsa Klara Skaare	Voss	Meland Gudny	Årbakka	Nielsen Bjørg Irene	Fagernes
Kjebekk Erik	Evje	Lauritzen Kristin	Børsa	Melberg Erling Åge	Nevlunghavn	Nilsen Nils	Vanse
Kjelby Arne I.	Brekke	Lauten Sidsel	Nordkisa	Meling Elin	Sortland	Nilsen Norvald	Herøy
Kjelsvik Laila	Ålesund	Lauvdal John	Marnardal	Meling Gudrun B.	Bremnes	Nilsen Steinar	Kleppestø
Kjerland Arne Ivar	Tvedestrand	Lauvhjelld Lars	Sønedeled	Mellemstrand Ruth	Varhaug	Nordanger Mathilde	Askvoll
Kjerstad Else Karin Leivdal	Ålesund	Lea Ole Martin	Oslo	Melstveit Kirsten	Øystese	Nordbustad Jorunn	Seim
Kjerstad Ingunn og Odd Helge	Figgjo	Leknesud Bjarne	Ålesund	Melve Johannes	Voss	Nordbø Gunnar	Tau
Kjetland Svend	Røyksund	Lemvik Jørn	Oslo	Mestad Kåre	Alversund	Nordbø Kirsten Marie	Bergen
Kjevik Karl Martin	Kristiansand S	Lende Solveig	Lye	Mestad Magne Audun	Espeland	Nordheim Ester	Sogndal
Kleppa Magnhild Meltveit	Hjelmeland	Lerøy Svein Ove	Eidsvåg i Åsane	Midtbø Magnhild B.	Tysnes	Nordtveit Klara J.	Nordtveitgrend
Kleppe Marit	Osvisk	Leraud Magnhild Meistad	Børsa	Midtgård Inger Helen	Hjelmås	Noregs Mållag	Oslo
Kleppvik Karsten	Vollen	Lesteberg Helga	Roa	Mikalsen Jan Egil	Tromsdalen	Norenes Liv Jorunn	Stord
Klette Marit	Skogsvåg	Leverås Mari Hallem	Levanger	Mikkelsen Maud Ellen	Sævelandsvik	Noreng Åshild	Greåker
Klevberg Anne Berit	Skui	Lia Gunvor Karine	Lunde	Minde Kjell Bjørn og Eli	Stord	Norheim Oddbjørg	Bulandet
Klingenberg Kari	Lærdal	Liabo Karen Johanne	Vågland	Misje Leif-Inge	Hafsfjord	Normann Eidrun S.	Stammes
Klouman Kari	Oslo	Lid Haldor	Voss	Mjanger Kari Anne Lie	Koltveit	Nornes Else Helen	Bergen
Klovning Ingrid	Bergen	Lid Normann	Voss	Mjangedal Hans	Seljord	Nygård Henry	Stord
Klubben Magne	Haslum	Lidal Nils	Fjærland	Mjelde Liv Tesdal	Etnes	Nygård Karin 68970 Øverpurmo - Finland	Finland
Klyve Borgfrid Sellevoll	Voss	Lie Jorunn Øxnevad	Koltveit	Mjelve Iver Kåre	Molde	Nygård Marit	Stavanger
Kløve Dagfinn	Røyksund	Lie Judith Kausland	Koltveit	Mo Brit Bjørndalsbakke	Mandal	Nygård Martin	Fitjar
Knudsen Elna	Mjølkeråen	Lie Magny Berhild	Straume	Moan Unni	Gimse	Nygård Per Ingolv	Forde
Knudsen Knut	Bergen	Lien Olav K.	Foldfjorden	Moe Arne Karsten	Suldalsosen	Nygård Torunn Irene	Sandnes
Knudsen Per Bernt	Arendal	Lilleholm Anne Britt	Osen	Moe Johan Peder	Suldalsosen	Nymoene Hege E.	Arneberg
Knutsen Arnt Olaf	Lillesand	Lilleholt Signe	Høvåg	Moe Kristine Kaasa	Melhus	Nærlund Sølvi	Nærbø
Knutsen Odd-Sverre	Oslo	Lima Marit Walgermo	Ålgård	Moe Ståle	Sand	Næsheim Peder	Eidfjord
Koht-Tøfte Åse Marie	Grøa	Lindberg Gullaug	Voss	Moen Arne-Ragnar	Steinkjer	Næss Håvard	Hof
Kolden Olaug Gjelsvik	Stjørdal	Lindbom Vibeke	Vassenden	Moen Oddvar	Hægeland	Nævdal Åsta	Bergen
Kolle Alvhild	Os	Lindland Aud Tove	Skien	Moen Paul Emil	Brøstadbott	Nodland Olava	Dirdal
Kolnes Kolbein	Trengereid	Linga Johannes	Granvin	Molde Ivar	Voss	Nokling Bergljot	Sola
Korsvold Ketil	Mysen	Linvik Rolv Vidar	Hattfjell	Moldskred Ivan Ole Dedekam	Os	Naasen Sigfrid Rogne	Voss
Kringeland Knut Ottar	Aksdal	Livden Britt	Arnatveit	Monefeldt Inge	Kråkerøy	Offerdal Audun	Fyllingsdalen
Kringstad Erna	Molde	Ljones Kjell-Einar	Ulstenvik	Monstad Anne-Mari	Voss	Ofstad Elin	Oslo
Kristoffersen Astrid Schanche	Sandnes	Ljones Torgrim	Tertnes	Mork Trud	Molde	Ofte Bersvend	Tynset
Kristoffersen Ivar	Sandnes	Lohne Ingrid	Søgne	Morken Bjørn Peter	Drammen	Okkenhaug Margit	Verdal
Kruken Berit og Knut	Leksvik	Lone Sylvi Hjelmeland	Bygstad	Morken Sverre	Nittedal	Olderbekken Bjørg	Stange
Kråkenes Berit	Foldrøyhamn	Lorentsen Berit	Jakobsli	Morland Kitty	Kaupanger	Olsen Arnfinn	Ombo
Kråkenes Bjørg Marit	Raudeberg	Ludvigsen Arvid	Natterøy	Mosland Tormod	Austrheim	Olsen Einar	Mandal
Krårevik Olauv	Jondal	Lund Brit Hansine	Trondheim	Moy Ragnhild	Oslo	Olsen Knut Ingar	Alta
Kvarberg Asbjørn	Vågå	Lund Gerd	Kleppestø	Mundal Helga	Sveio	Oma Lars Gunnar	Karmsund
Kvarenes Reidun	Kristiansand S	Lund Grethe	Trondheim	Muri Ingolv	Olden	Oma Ragna Maria	Bones
Kvilekval Nils	Loddefjord	Lund Marion Britt Herborg	Trondheim	Myckland Henning	Moss	Oma Unni Særsten	Stord
Kvinnen Gunhild Gerd	Tjørhom	Lund Svanhild Mong	Stavanger	Myhr Ragnhild	Trondheim	Omdal Tønnes B.	Hauge i Dalane
Kvinesland Åsa	Kleppe	Lundal Sverre Olav	Stord	Myklebust Anna	Sykkylven	Omholt Torbjørn	Gvarv
		Lundblad Ingjerd Flikka	Voss	Myklebust Arne Juell	Risør	Ommedal Martin Magnus	Hyen

Omreng Nils-Tore	Nesttun	Rogne Kersti Tytingvåg	Molde	Selle Margot	Rubbestadneset	Solheim Rolf H.	Hammerfest
Opedal Jan Petter	Melhus	Rohde Hilde	Indre Arna	Selnes Solveig Tuftealand	Trondheim	Solli Johan	Bærums Verk
Oppedal Eldbjørg	Brekke	Rokne Brita	Kapp	Silde Ingebjørg	Etne	Solli Olav	Folkestad
Opstad Maria Skjærpe	Nærbø	Roksvåg Ønneri Bjerkholt	Oslo	Silde Kari Austerheim	Hafslvsfjord	Sollien Berit	Lena
Ordemann Aslaug	Molde	Rolfnes Liv	Rubbestadneset	Simonsen Eli N.	Fitjar	Soltveit Olav	Nyborg
Ornberg Asbjørg	Jostedal	Romstad Ragnhild	Grong	Siqveland Eivind	Vigrestad	Spikkeland Gunnar	Grimstad
Orrestad Inghild og Edvin	Sogndal	Romøren Erna	Sogndal	Siqveland Gunnar	Vigrestad	Stabell Christian Fr.	Fusa
Orten Astrid Roald	Tårnåsen	Romøren Tor Inge	Stavern	Sivertsen Njål Egil	Oslo	Stadskleiv Kåre J.	Rolvsey
Orvedal Signe Marie	Vik i Sogn	Rondestveit Sylvi	Nærbø	Sjo Hildegunn	Eydehavn	Standal Anne Marit	Flørø
Os Kåre Nils	Nordfordeid	Rong Norunn	Voss	Sjursen Kari	Mosjøen	Standal Jostein	Naustdal
Osaland Gina	Sandnes	Rossebø Anne Kristine	Våler i Solor	Sjøvik Brita Ims	Midsund	Stangeland Elisabeth	Kleppe
Osen Ragnhild Helene	Bygstad	Rosseboe Jorun	Oslo	Sjøvoll Bjørg	Urangsvåg	Stangeland Karl Ivar	Bryne
Osland Magne L.	Stord	Rossevatn Vigdis	Eiken	Skare Erna Helene	Bergen	Stangenes Arnhild Margrethe Kristiansand	Vardø
Otlo Solveig	Levanger	Roth Kari	Barstadvik	Skare Tordis	Austefjorden	Stanghelle Asgeir	Eidsvåg i Romsdal
Ottesen Maren	Stord	Rundhaug Anders	Kopervik	Skarestad Bjarne	Kolltveit	Staurseth Ruth B.	Sagvåg
Overøye Kjell Gunnar	Sykkylven	Rusbjerg Jørn	Sandnes	Skarsgard Odd	Ål	Stautland Helga Thorsen	Trondheim
Overaa Lindis	Heggedal	Ruset Kjartan og Jorunn	Vinstra	Skartseterhagen Kjell A.	Slattum	Stautland Odd	Fyllingsdalen
Overaa Marit Agnes	Liabygda	Rustad Astrid J. Nautnes	Tjeldstø	Skaug Aage	Kongsberg	Stav Åsa Øvrebo	Dale i Sunnfjord
Owren Eldri Katerås	Østre Gausdal	Ruud Eivind	Kaupanger	Skauge Margunn Dale	Myking	Stave Bjørn	Volda
Paulsen Helga Arnevik	Halsnøy Kloster	Rydland Kjetil	Fitjar	Skeide Nils	Fjærland	Stavnheim Janne	Vigrestad
Paulson Anne	Horten	Rydland Magne	Hamar	Skeie Marta Marie	Rosendal	Steffensen Ingrid	Loddefjord
Pedersen Anne Marie T.	Hovåg	Rydland Nils K.	Fitjar	Skiftun Ådne	Gudvangen	Steine Anne-Marie	Sand
Pedersen Jan A.	Larvik	Rygh Trond	Notterøy	Skilte Øystein	Tromsø	Steine Åse Albrethson	Fonnes
Pedersen John Martin	Narvik	Rylandssholm Berit	Nesbyen	Skipévåg Lars Martin	Harstad	Steinsrud Åse Floa	Mosjøen
Pedersen Johnny	Voss	Ryndaling Alfred	Valle	Skjeldal Knut	Holmestrand	Steinvik Gunnlaug	Hol i Tjeldsund
Pedersen Undis Wotland	Skien	Rodal Elsa	Lillehammer	Skjeldal Marie	Voss	Steiro Edith	Bergen
Pedersen Wilhelm	Sandnes	Rødby Ole F.	Klokkarstua	Skjeldestad Jon	Sogndal	Stenehjem Aase	Mandal
Perskaas Inger Anette	Horten	Rødset Ann Olin	Hjelset	Skjerdal Oddbjørg	Aurland	Stenersen Arnt	Dyfjord
Petersen Ingrid	Voss	Rødseth Gudrun	Rådal	Skjervheim Ingjerd	Vossestrand	Stensland Aud	Haugesund
Pettersen Kari Saue	Voss	Rødven Aase Elise	Ørsta	Skjolden Gunnar	Oslo	Stensrud Dag	Oslo
Pettersen Roger Johan	Asker	Røed Anne Marie	Fitjar	Skjæret Aslaug	Jostedal	Stensrud Olav	Råde
Pettersen Åse L.	Spikkestad	Røen Solveig	Årland	Skjørestad Magne	Hommersåk	Stenvik Dagrun Norang	Oslo
Pihl Alexander	Nittedal	Røisland Gunhild	Kristiansand S	Skogen Annemor	Ålesund	Sterkerud Kjell-Arne	Hafslundsøy
Pileberg Liv	Sykkylven	Røkke Inger Johanne G.	Saupstad	Skogland Anne Helene F.	Fyllingsdalen	Stette Harald Peter	Fredrikstad
Plesner Ragnhild	Oslo	Rønning Egil	Våle	Skorpen Atle	Lepsøy	Stiftelsen Søsterfellesskapet	Kolbu
Prestegard Brynjulv	Voss	Rønningen Knut Johan	Ulsteinvik	Skotte Lars Petter Egil	Notodden	Stokka Inga	Sandnes
Prestegard Svanhild	Voss	Rortveit Anna Helene Gløppen	Nedstrand	Skrede Gunnar	Molde	Stokke Annelaug	Volda
Prestegård Gerd	Jondal	Rosland Annemor	Husnes	Skretting Eirik	Varhaug	Stokkeland Jostein	Krokkleiva
Pukerud Astrid	Grimo	Røseveld Leikny	Valderøya	Skretting Turid U. og Kåre	Varhaug	Stokkenes Hermund	Hurdal
Puschmann Vera	Jessheim	Røsvik Margrete	Ålesund	Skrettingland Møyfrid	Varhaug	Stokkenes Sigrunn	Nordfordeid
Ragnhildstveit Geir	Haugesund	Røthe Inga	Førde	Skrindo Margit	Ål	Stol Ingvar	Stol
Raknes Geir A.	Stavanger	Røyneberg Ragnhild	Nærbø	Skudal Einar	Naustdal	Stople Endre	Skjold
Ramfjord Elna	Foldereid	Røyrvik Kjellaug	Norheimsund	Skurtveit Alis B.	Stavanger	Storaker Oddbjørg Vidnes	Kristiansand S
Ramsfjell Asbjørg	Tau	Raake Oddlaug	Finnås	Skaar Målfrid	Dale i Sunnfjord	Storaker Sissel L.	Kristiansand S
Rasmussen Geirr	Sortland	Sagen Svein Magne	Holmestrand	Slettan Målfrid	Holum	Stordrange Per S.	Flekkefjord
Rasmussen Nils	Kristiansund N	Sakseid Kurt	Fyllingsdalen	Slettan Reidunn	Holum	Storebo Marit	Asker
Raubotn Hans Olav	Bergen	Sakseid Solveig	Norheimsund	Slettan Svein	Kristiansand S	Storejerde Einfrid	Løfallstrand
Ravnås Marta	Stavanger	Salomonsen Marit	Bergen	Slettebø Haldor Lars	Oslo	Storheim Ida	Hægeland
Refsdal Endre	Oslo	Salomonsen Tor	Stavanger	Slettebø Torfinn	Voss	Storli Inger F.	Hokksund
Refvem Olav	Oslo	Salte Rolf	Bryne	Sletten Kjell	Østby	Stormo Bjarne	Tomasjord
Reime Anne	Treungen	Salthammer Hanne M.	Vestnes	Slettevoll Idar	Gurskøy	Strand Arne Johan	Kleppestø
Reime Reidar	Voss	Saltnes Inger Marie	Valen	Slettevoll Lisbeth og Otto	Krårerøy	Strand Herdis	Nesttun
Reinlund Astrid	Sævelandsvik	Salvigsen Nils	Farsund	Slaattelid Hermund	Voss	Strand Jørund	Steinsdalen
Reitan Lillian	Kristiansand S	Sandanger Øystein	Fogn	Slaattelid Olav	Oslo	Strand Aasta-Marie Sveino	Ålesund
Relling Gudmund	Norddal	Sandbekken Marit	Salhus	Slåttå Lars	Stavanger	Stranden Ingrid	Elnesvågen
Remøy Håkon	Oslo	Sande Jostein	Norddal	Smedsland Arne Georg	Kollungtveit	Strandlie Arne	Gjøvik
Repaal Ingfrid	Norheimsund	Sandkjær Astrid S.	Grimstad	Småge Solfrid	Aukra	Straume Marta	Espeland
Revheim Rune	Lonevåg	Sandnes Hanne Haugli	Oslo	Småland Erling	Kleppestø	Strøm Ole Steinar	Mandal
Ringheim Frode Viste	Mo i Rana	Sandstål Inga	Hovland	Snipsøy Svein	Volda	Strøm-Olsen Leif	Skallestad
Ringheim Torill Markussen	Skulestadmo	Sandvik Aina Bernhoff	Ørnes	Snøtun Bergljot	Jostedal	Stråbø Kristi Melkeraaen	Sunde i
Risan Kristian	Frosta	Sandvik Marit Haugen	Oslo	Snotun Åse	Gaupne	Sunnhordland	
Riska Berit H.	Hommersåk	Sandvik Solbjørg Amdal	Frekhaug	Sola Herdis	Sola	Stueland Haldis Rolfnes	Auklandshamn
Risøy Hanne Jorunn	Ølen	Sandvin Gunnar Tveit	Stokmarknes	Sola Steinar	Tananger	Stuvrud Solveig	Tuddal
Ritland Ståle	Drammen	Saxrud Linda Kvalsund	Fjerdingsby	Solberg Arne og Gudrun	Skotselv	Stürtzel Randulf Elsås	Oslo
Rivedal Hildur	Hilmedal	Schaufel Ellinor	Bergen	Solberg Sven Bjarne	Bjerkreim	Støten Ragnhild	Skiptvet
Rivertz Liv	Bærums Verk	Seim Eirik og Marit	Voss	Soldal Dag	Kristiansand S	Støylen Torbjørn	Sykkylven
Ro Sigmund	Kristiansand S	Seim Målfrid	Øvre Årdal	Soleng Ingrid	Hønefoss	Sund Tarjei	Trondheim
Roald Anders	Ørsta	Seland Frank S.	Kristiansand S	Solheim Helga	Froland		
Rodal Mari	Tynset	Selheim Knut	Voss	Solheim Kristin			

Returadresse:
STILLE STUNDER
V/Rolf-Atle Rolfsnes
Bakken 2
5419 Fitjar



«Eg er oppstoda og livet. Den som trur
på meg, skal leva om han enn døyr.
Og kvar den som lever og trur på meg,
skal i all æve ikkje døy.»

Joh 11,25-26

Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser
forretningstrykksaker- brevpapir,
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

prøv oss

Sunnhordland

Tel. 53 45 00 00

Ljos over grav

Ljos over grav som oss livsvoni gav,
rann med Guds Son ifrå daude.
Solrenning klår som den venaste vår
steig over gravstader aude.
Ljoset og livet for alle mann
strålande opp med vår Frelsar rann.

Engelen kvad over daudstille stad:
Krist er med siger oppstaden!
Sigrande vel over ormen frå hel
bøtte han brotet og skaden.
Syndi er sona og såret grødt,
livet av daude er atter født.

Menneskeson, du til levande von
ved di oppreisning oss fødde!
Liv gjennom grav ved din daude du gav,
då for oss alle du blødde.
Alle som levande på deg tru,
døyande skal i ditt ljøs få bu.

Ljos over grav, fall som solskin på hav,
når me frå verdi skal fara!
Lys oss i land til den livsæle strand,
fram til det liv som skal vara,
så me ved ljuset frå påskedag
sæle kan leva i englelag!

*Elias Blix 1890, Norsk Salmebok 198
(vers 3 og 5 ikkje med av plassomsyn)*

NYNORSK ANTIKVARIAT AS
www.nynorskantikvariat.no

80.000

Bøker i hyllene

Holgata 2
Inngang Hotellkleiva
4900 Tvedestrand

60.000

Bøker på nettet

www.nynorskantikvariat.no



NYNORSK
ANTIKVARIAT

Telefon
37 16 66 66

e-post:
tinging@nynorsk
antikvariat.no